



Fløysand Va AS  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2107 - 18/26702

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
03.01.2019

## Godkjenning - utsleppsløyve av gråvatn frå naust og tilkopling til kommunalt vatn Gbnr 43/111 Ryland

**Administrativt vedtak. Saknr: 345/2018**

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for gråvatn og tilknytning til kommunalt vatn via privat vassleidning for naust på gbnr 43/111, motteke 11.12.18.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal samlast i vasken/servant i naustet før utsleppet vert ført vidare til sjøen på min. djupleik 2 meter. Det skal ikkje installerast vassklosett. Det er innhenta naudsynte samtykker frå naboar frå eigedommar som vert råka av tiltaket.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe. Utslepp gjeld spyling av garn og anna fiskereiskap frå naustet.

Det vert elles vist til søknad mottatt 17.12.18 og søknad om tilkopling til kommunalt vatn mottatt 22.08.18.

#### Plassering

Plassering av leidningar og utsleppsstad er vist i situasjonskart, datert 25.10.16 mottatt 11.12.18.

#### Uttale

Det ligg føre uttale frå Bergen Hamn datert 21.06.18.

#### Nabovarsel

Utsleppet er nabovarsla særskild i perioden 19.04.18 - 23.04.18. Det ligg ikkje merknader i saka. Det ligg føre samtykke frå eigar som av gbnr 43/84 for tilkopling til privat vassleidning.

#### Vurdering :

Utsleppsordninga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike gråvassutslepp og i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» § 12 - 5 . Skal det installerast vassklosett i fritidsbustaden seinare eller endrast bruk av naust, må det søkjast om nytt utsleppsløyve.

## **Vedtak**

*«Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for gråvatn for eit naust på Ryland på gbnr 43/111 på følgjande vilkår:*

*1. Utsleppet frå eigedomen skal samlast i vask/servant før utsleppet vert ført i sjøen på min. djupleik på 2 meter. Det skal ikkje installerast vassklosett.*

*2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for gråvatn i samsvar med situasjonskart, motteke 11.12.18.*

*3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forureining, §§ 12-7 til 12-13/§§ 13-6 til 13-16/ eller Meland kommune si lokale forskrift frå mindre avlaupanlegg jf. § 12-6*

*4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.*

*5. Det vert erklært ansvarsrett i samsvar med søknad og gjennomføringsplan, datert 16.08.18.*

*Meland kommune godkjenner vidare at naustet på gbnr 43/111 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 22.08.18 på følgjande vilkår:*

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.*
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.*
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.*
- Tilknyttinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast til kommunen når tilknyttinga er utført.*
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.*
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2018 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.*

*Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.*

*Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

#### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet:**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn frå hus og hytter

Søknad om nytt sanitærabonnement til offentleg vatn GBNR 43/111

Vedlegg til søknad - informasjon om utslipp

Situasjonskart

Uttale frå Bergen Havn

Søknad om løyve til tilkopling - vatn GBNR 43/111

Kart

#### **Kopi til:**

Irene og Trond Haugen

Stekkevikvegen 16 5917

ROSSLAND

#### **Mottakarar:**

Fløysand Va AS

Fløksand

5918

FREKHAUG